

A photograph taken from the deck of a tall ship, looking out over the ocean towards a vibrant sunset. The sky is filled with orange, yellow, and blue hues. The ship's wooden masts and intricate rigging are silhouetted against the bright horizon. In the foreground, the dark wooden planks of the ship's deck are visible. Several people are standing on the deck, watching the sunset. The overall atmosphere is peaceful and historical.

gavlen

2021 - 41. årgang

Musea på Sunnmøre
Sunnmøre Museumslag

Musea på Sunnmøre

Gavlen 2021

ISSN 033-2668

41. årgang.

Redaksjon:

Ingvil Eilertsen Grimstad,

Ivar Gunnar Braaten,

Eldar Høidal.

Utgjevar:

Musea på Sunnmøre

Sunnmøre Museumslag

Grafisk arbeid og trykk: Brisk reklame

INNHOLD

Føreord ved

Audhild Gregoriusdotter Rotevatns 3

Årsmelding Museumslaget« 4

Utsett årsmøte Museumslaget« 6

Ivar G. Braaten:

Sunnmøre Museum 90 år« 6

Museumslaget på tur« 7

Line Iversen:

Covid 19« 8

Lars Leine:

Frivillege på båtars 10

Siw Solvang:

Ombygging i Gavlen« 12

Ingvil E. Grimstad:

Museum i Koronatid« 13

Per Arne Grebstad

Interimforsøka i Sykkylven.« 16

Ivar G. Braaten:

Trenaglen frå Fox« 19

Heidi Haugene:

Torvrensing i Margaretakirken« 24

Jan Kåre Blindheim:

Teater i Gavlen« 26

Cecile Rørstad:

Ny basisutstilling i Sunnmøre Museum« 28

Frode Pilskog:

Lysande sentrumsutvikling« 29

Eldar Høidal:

Møbelvenner i Sykkylven« 31

Bygdebøker for Haram« 34

Morgondagens design« 35

Foto: Stiftinga Musea på Sunnmøre der anna ikkje er nemnt.

Foto framside: Den rekonstruerte bankskøyta

Storeggen på tur. Foto Lars Leine.

Foto bakside: Kovid-19 vaksine. Foto Line Iversen.



Bakkestova frå Habostad, Stranda. Kårstova, inn til venstre, vart bygd i 1867. Storstova, inn til høgre, erstatta ei eldre stove i 1876. Slike stovehus, der fleire generasjonar budde saman, var vanlege på gardane på indre Sunnmøre i andre halvdel av 1800-talet.

Eit sterkt regionmuseum for framtida



Debatten om organiseringa av framtidas museum, har prega ordskiftet dei siste åra. Ulike organisasjonsmodellar, samarbeidsformer og konsolideringar har vore ein del av museumskvarden i snart hundre år. Musea på Sunnmøre er no i ferd med å gå inn i siste fasen av det vi vonar vert den siste konsolideringa på lenge.

Norske museum, også Musea på Sunnmøre, står på skuldrane av frivillig innsats. Engasjerte og dyktige privatpersonar, familiær og lag, har gjennom all tid vore engasjert i kulturarven, samla og teke vare på gjenstandar og bygningar. Dei frivillige har ei viktig rolle også i framtidas museum. Likevel har forvaltinga, formidlinga og forskinga på kulturarven vorte eit offentleg ansvar med eit offentleg mandat, offentleg finansiering og under demokratisk kontroll. Det profesjonelle, vitskaplege museet skal arbeide saman med frivillige, no og i framtida.

Debatten i avisspaltene har vore prega av kven som skal eige kulturarven. For Musea på Sunnmøre er svaret enkel, men like fullt vanskeleg: Kulturarven tilhøyrer fellesskapen. Musea forvaltar den på

vegner av samfunnet for framtida, under demokratisk kontroll, med faglege prinsipp i botnen for alt vi gjer.

Tida vi lever i, er i endring. Ein koronaepidemi som ingen var førebudd på, endra kvardagen til dei fleste også for publikum i musea, dei frivillige og dei tilsette. Store arrangement, som Middelalderfestivalen måtte avlysts. Bryllaup, barnedåpar og konfirmasjonar vart utsette. Fram kom flaska med antibac, klistrelappar med smittevernreglar, teljing av gjestar i kafeen, nye opplegg for skuleklassar, tokt med båtane vart avlyste. Også denne forteljinga skal museet formidle. I januar var konservator Line Iversen på staden på Åse Helsehus og dokumenterte den første pasienten i Ålesund som vart fullvaksinert. Det originale hetteglaset og injeksjonskalylen ligg no trygt forvart i magasinet vårt. Vaksinasjonsutstyret fra Åse Helsehus er donert til museet, og er det første i Noreg som er dokumentert og formidla i det nasjonale Digitalt Museum, tilgjengeleg for alle. Du finn den på nettstaden om du søker på «korona» eller «vaksine».

Til hausten opnar eit nytt Sunnmøre Museum for publikum. Ombygginga som snart er i gang, er den største i museet si hundre år lange historie. Nytt publikumsmottak, ny kafé, ny butikk, nytt uteområde med universell tilkomst og ny kontorfløy for tilsette. Friluftsmuseet og Middelaldermuseet vert ope i byggeperioden og publikum får dermed også følgje deler av byggeprosessen.

Samstundes arbeider vi med førebuingar til ei heilt ny Sunnmørsutstilling. I desse dagar kjem tilboda inn, frå arkitektar og firma. Den gamle utstillinga stod i ein mannsalder, og det var vemodig å demontere den etter lang og tru teneste. I 2022 opnar vi dørene til ei ny og vonleg spennande utstilling, som fortel vår felles historie for nye og gamle sunnmøringer. Vi håpar Sunnmøre Museum dermed vert ein endå viktigare møteplass for innbyggjarar og gjester.

Velkommen til museet!
Audhild Gregoriusdotter Rotevatn
Administrerande direktør

ÅRSMELDING 2020 for SUNNMØRE MUSEUMSLAG

Året 2020 begynte optimistisk. I museumslaget så vi fram til interessante søndagsforedrag, og til en medlems-tur på vårparten. Men i mars ble alt endret. Museet stengte, sosialt liv i alle former ble avlyst, og ingen kunne forutse hva som skulle skje framover da koronaen kom til Norge, og resten av verden.

Alt måtte utsettes, også søndagsforedrag og årsmøte. Ikke før i september var det sjanse til å samle et visst antall mennesker under strenge smittevern-tiltak. Men så tetnet det til igjen i november, og alt ble stengt igjen.

Årsmøtet for 2019 ble utsatt. Det ble vedtatt at det skal avvikles sammen med årsmøtet for 2020. En ba om at styremedlemmene holdt fram videre. Mari Anne Rødal meldte at hun gikk ut av styret av helsemessige grunner. 1. vara, Ragnhild Fet, rykket opp som styremedlem.

Styret er: Torhild Remme, leder. Bergljot Hjorthol, Sylvi L. Eliassen, Guri Bjørlo, Ragnhild Fet. Vararepresentanter er Kari Steinsvik og Kaspar Bjørkavåg. Fra museet møtte Siw Solvang til høsten 2020. Da kom Eldar Høidal inn som representant for MUPSU.

AKTIVITETER:

«**GAVLEN**» ble sendt til alle medlemmene i mars, vedlagt innbetalingskort for medlemskap.

Her var trykt innkalling til årsmøtet, arbeidsplan og årsmelding for 2019. Redaksjonsnemnda rakk akkurat å annullere innkallingen.

SØNDAGSFEDRAG:

26. januar: rådmann Astrid Eidsvik. Fra 1.1.2020 var kommunene Haram, Sandøy, Skodje og Ørskog gått sammen med Ålesund i det som til da var kalt «Nye Ålesund». Astrid Eidsvik orienterte greit om prosessen med sammenslåingen av kommunene, og om utfordringene.

1. mars: Guri Aasen tok oss med på «Djupdykk mellom mystiske vesen i Blåmyra». Det var ei spennende reise med en engasjert foredragsholder som virkelig trollbandt publikum.

Med strenge bestemmelser ble det igjen tillatt å samle et visst antall folk i september. Med en meter avstand mellom stolene, med navnelister ved inngangen og god tilgang på antibac, inviterte vi til søndagsforedrag igjen.

27. september: Svein Linge: Om kaptein Martin Linge og Måløy-raidet. Han fortalte levende om Lingeskelta, om Martin sin barndom og ungdom, om tysk okkupasjon og om trening av motstandsfolk i Skottland. Under Måløy-raidet ble Martin Linge drept i trefning med tyske vaktposter.

25. oktober var viet møbeldesigneren Ingmar Relling, i anledning av at det var 100 år siden hans fødsel.

Kaspar Bjørkavåg fortalte om møbeldesigneren Relling, en dyktig foregangsmann med arbeidsplass i Sykkylven. Hanna Relling Berg fortalte om mennesket Ingmar Relling, om en kjærlig far og om oppveksten i en aktiv familie.

Det var planlagt medlemstur til Måløy i samband med foredraget om Martin Linge og Måløy-raidet. Men denne ble avlyst på grunn av koronaen.

I bedehuset fra Åkre har ivrige damer denne høsten bakt flatbrød, lefser og julekaker i følge gammel tradisjon. Det ble gitt smaksprøver til turgåere som stakk innom, og det ble også utveksla gamle oppskrifter.

STYREMØTER:

Det har vært holdt seks styremøter, og i alt er det behandlet 42 saker.

Varamedlemmene kalles inn til styremøtene.

- Styret har gått gjennom vedtekten for Sunnmøre Museumslag, som nå foreligger i revidert stand.
- På ett styremøte var konstituert direktør Jarle Sanden til stede, og informerte oss om prosessen med sammenslåingen av museene på Sunnmøre, og opprettelsen av MUPSU – Musea på Sunnmøre. Han snakka også varmt om frivilligheten, takket museumslaget for innsatsen i alle år, og gjorde det klart av musea trenger alle de frivillige som på forskjellige måter gjør en stor innsats for musea.
- Ingvil Eilertsen Grimstad, direktør for kulturhistorisk avdeling i MUPSU, har også deltatt på styremøter.

REPRESENTASJON:

Leder Torhild Storeide Remme er museumslagets medlem i Årsmøtet for MUPSU.

Hun er også varamedlem til landsstyret av FNM, Foreningen for norske museumsvenner.

GAVER TIL SUNNMØRER MUSEUM:

I 2020 ble det installert varmepumpe i foredragsalen, ei gave fra museumslaget. I tillegg er det overført beløp for dekning av vår andel for «Gavlen», samt portoutgifter og annonseutgifter. Til sammen blir gavebeløpet på kr 44.320 -.

I tillegg kommer billettinntektene fra søndagsforedragene, som til tross for den reduserte aktiviteten likevel ga kr 5.700 -. I tillegg til 114 betalende var det 111 medlemmer på søndagsforedragene, et gjennomsnitt på 56 personer.

MEDLEMMER

I 2020 var det registrert 64 familiemedlemskap, 103 enkle medlemskap og 40 livsvarige.

Det er også kommet til noen nye medlemmer, som først blir registrert i 2021.

TAKK!

Styret i Sunnmøre Museumslag vil takke alle de frivillige som har deltatt på arrangementene.

Vi vil også takke de ansatte ved museet for samarbeidet i denne spesielle tida. Vi ser framover til nye aktiviteter og samlinger, kanskje til sommeren? I alle fall til høsten 2021, til «nytt» museum og nye muligheter!

STYRET I SUNNMØRE MUSEUMSLAG

Torhild Storeide Remme

Sylvi Larsgård Eliassen

Bergljot Hjorthol

Guri Bjørlo

Ragnhild Fet

Eldar Høidal, MUPSU

Kari Steinsvik

vara

Kaspar Bjørkavåg

vara



Liabygdstova frå Ellinggarden, Overå. Liabygdstova, som er frå 1856, var mellom dei første husa som vart flytta og attreist i Borgundgavlen. Saman med stabburet frå Øygarden, Øvre Ringset, kom ho på plass på museumsområdet våren 1936.

Gode medlem i Sunnmøre Museumslag!

Det var planlagt forskjellige aktiviteter i museumslaget i 2021, det året museet i Gavlen kan markere at det er 90 år siden starten i 1931. Men av grunner vi alle kjenner mer og mindre på kroppen, så er alt blitt utsatt inntil videre.

Godt at det er vår i lufta, endelig! Det kjennes godt etter den spesielle vinteren vi fikk.

Vi skulle hatt årsmøte i museumslaget i april. Nå er det utsatt til høsten. Vi håper at vi i oktober kan være i sving igjen, også med søndagsforedrag. Det vil etter hvert bli sendt ut brev med innkalling til årsmøtet, medlempenger og annen informasjon.

Forresten, - allerede til sommeren er det håp om å invitere medlemmene til en interessant aktivitet i friluftsmuseet. Det vil bli avertert i avis.

Vi kan se positivt framover på alt som foregår på museet nå. Vårt museum blir forandret, fornyet, kan bli nesten som nytt, innenfor de gamle veggene. Spennende!

Det er nok på tide. Det er 20 år siden «nybygget» ble tatt i bruk. - Enda lenger siden det opprinnelige museumsbygget ble tatt i bruk, like etter andre verdenskrig var over. Huset var i bruk under de 5 okkupasjonsårene, men ikke akkurat som museum.

- Men det er en annen historie..

Gode museumslags-medlem, gode museumsvenn: Bruk Gavlen og Middelaldermuseet, og så møtes vi igjen en vakker dag!

**Beste hilsener fra alle oss i styret i
Sunnmøre Museumslag!**

Sunnmøre Museum er 90 år

Av Ivar Gunnar Braaten

I år er det 90 år sidan Sunnmøre Museum vart skipa.

Skipinga fann stad i Sunnmørsposten sine møtelokale i Grimbergata laurdag 11. april 1931, og bonde Nils Edvard Ringset frå Liabygda vart valt til første styreleiar. Sunnmørsposten framheva at skipinga «knytet ætter som kjem til ætter som kvarv, og gir oss ein arv til å ta vare på.»

I Årbok for Sunnmøre, som kjem ut til hausten, er der ein fyldig artikkel om etableringa av museet i Borgundgavlen.



Borgund fri- og fattigskule var det første antikvariske huset som kom på plass på museumsområdet i Borgundgavlen. Huset vart sett opp her hausten 1934, og alt arbeidet knytt til prosjektet vart kosta av Borgund kommune. (Foto: MUPSU/Ivar Gunnar Braaten.)

Museumslaget på tur

Det var en vakker oktoberdag i 2019 at museumslagets medlemmer dro på opplevelsestur.

I den vakre Dalsfjorden kom vi til Fyrmuseet. Der lærte vi mye om bygging og vedlikehold av fyr langs kysten, og om utviklinga av denne livsviktige tjenesten for sjøfarende. Spesielt er det, at det særlig var menn fra området rundt Dalsfjorden som drev med dette krevende arbeidet. En gang bodde det familier på mange av de værharde fyrtasjonene. Nå er alle automatisert. -Ei tid var..

I Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda var det omvising i hus og tun. Sverre Fehns spesielle bygning rommer både samlingene fra den vesle røde stova som først huset minner om Ivar Aasen, og mye mer.

Boksamlinger, klær og gjenstander finnes her. Og ved skrivebordet ser det ut som en travel mann bare er ute et øyeblikk. - Det er et imponerende livsverk denne stillfarende mannen etterlot seg!




Kontoret til Ivar Aasen i museumstunet på Åsen i Ørsta.

Felles interesser og felles opplevelser gir positiv glede til alle.

Nye reisemål for museumslaget finnes rundt omkring oss når det blir mulig!

Styret



Frå utstillinga til Dalsfjord fyrmuseum.

Dokumentasjon av en pandemi – et lite hetteglass med en stor skatt

Av Line Iversen, konservator i Musea på Sunnmøre



Cormirnaty BioNTech Pfizer COVID-19 Vaccine. Foto: Line Iversen.

Den 26. januar i år fikk Musea på Sunnmøre en ny tilvekst til samlingene. Et lite, 2 ml klart hetteglass av type I-glass, med svart gummipropp, kun 3,2 cm høyt og en omkrets på 5,5 cm. Injeksjonskanyle med skrått avskåret egg fulgte med. Begge objektene er masseproduserte og finnes i enormt antall i Norge og resten av verden. Hva er det da som gjør at vi tar dette inn i samlingene på museet? Jo dette lille hetteglasset har rommet en stor skatt, nemlig vaksine mot covid-19.

Vi står fremdeles midt oppe i en pandemi som nå har vart i over ett år. En pandemi er en sykdom som omfatter svært mange mennesker over store deler av verden. Koronaviruset SARS-CoV-2 ble oppdaget i januar 2020. Koronavirusfamilien omfatter mange ulike virus som kan gi luftveisinfeksjon, og mange koronavirus forårsaker lette forkjølser mens andre kan gi mer alvorlig sykdom og i noen

tilfeller død. SARS-CoV-2 kommer trolig fra flaggermus og smittet til mennesker i slutten av 2019. Alt dette vet vi. Nasjonale og internasjonale nyhetsaktører og sosiale medier rapporterer og skriver om dette hver dag. De sosiale og økonomiske konsekvensene er enorme, og vi får det inn gjennom de ulike skjermene våre uten stans.

Det som er spesielt med denne pandemien for oss historikere er at vi opplever den i sanntid. Pandemien foregår akkurat nå, og den er så omfattende at den vil definitivt prege historiebøkene i fremtiden. Vanligvis må vi bruke kilder skrevet eller samlet av andre i arbeidet vårt, men nå har vi den litt makabre muligheten til å selv bestemme hva som skal definere historien til denne pandemien gjennom selv å oppleve den. Og i den forbindelse er dokumentasjon av ulik art viktig. Informasjonsstrømmen om pandemien er stor og kontinuerlig,

ny forskning, teorier og strategier kommer fort-løpende for å bekjempe den. Hva er viktig å bevare av dette for kommende generasjoner?

Ett av samfunnsoppdragene til museene er å ta vare på vår felles historie og i den forbindelse må vi dokumentere pandemien. Vi spiller en rolle i historien som skal fortelles. Det er årsaken til at dette lille hetteglasset med kanylen havnet hos oss på museet, og vi gikk aktivt ut for å sikre den. Vaksine mot covid-19 er essensielt for å overvinne pandemien og derfor var det viktig for museet å få tak i disse objektene.

Vaksinen Comirnaty mot covid-19, eller koronaviruset SARS-CoV-2, ble godkjent av Europakommisjonen 21. desember 2020, og 26. desember samme år fikk Norge de første 10.000 dosene av denne vaksinen. Den første koronavaksinen i Norge ble satt 27. desember 2020 i Oslo. Aslaug Bjørnsund Hollingsæter er nitti år og beboer på Åse helsehus. Hun var den første personen i Ålesund kommune og på Sunnmøre

som fikk koronavaksinen, den 5. januar 2021. Vaksinen gis i to doser med minst tre ukers mellomrom. Den 26. januar 2021 fikk Hollingsæter den andre dosen av sykepleier Marlete Ask, og ble dermed fullvaksinert. Musea på Sunnmøre var med på den andre vaksinasjonen for å dokumentere og ta inn vaksineutstyret i samlingene.

Det har en symbolverdi at dette utstyret stammer fra den første fullvaksinasjonen på Sunnmøre, og vi takker Hollingsæter og Åse helsehus for at vi fikk lov til å dokumentere dette. Hollingsæter fortalte oss at hun aldri var i tvil om hun skulle ta vaksinen, og syntes det var bra at utstyret havner på museet for ettertiden.

Registreringen av hetteglasset kan du se på Digitalt Museum her:

<https://digitaltmuseum.no/021029508656/comirnaty-biontech-pfizer>



Aslaug Bjørnsund Hollingsæter blir fullvaksinert av sykepleier Marlete Ask på Åse helsehus. Foto: Line Iversen.

Grisejobb, kaffekos og seilturer

Av Lars Leine, båtansvarleg Musea på Sunnmøre

Ombord på Storeggen er tauene akkurat ferdig tjæra. En årlig oppgave der 650 meter med riggtau smøres inn med tjære. En ordentlig grisejobb, men hvert år gyver de frivillige løs på det med liv og lyst.

Musea på Sunnmøre har to store båter som vi har aktive frivillige grupper rundt. Heland er en fiskebåt fra 1937, som kom til museet i 1972, og var totalrestaurert i 1997. Denne fiskebåten er en god representant for havfiskeflåten fra 1930-1970-tallet. Den var også med i shetlandsfarten under krigen. Storeggen, som er bygd i 2016, er en replika av en bankskøyte fra 1890, og er en ordentlig fiskeseilskute. Disse to båtene er rundt 60 fot, noe som er ganske stort for trebåter. De krever mye vedlikehold

for å holdes i stand, dermed blir de frivillige essensielle og viktige. De frivillige oljer, maler og skraper. Tirsdager er Heland sin dag og torsdager er Storeggen sin dag, da drikkes det kaffe og jobbes ombord.

Båtturer motiverer

Helands frivillige er en venneforening som har eksistert siden 1978. Den har både nye og gamle medlemmer. Noen har vært frivillige om bord i over 20 år og har vært med båten til Shetland mange ganger.

Velkommen til frivillige

Som museum er det viktig for oss at de frivillige skal



Det skrapes på dekk og dekkshus. I kaffepausen spør jeg gjengen om hvorfor de er med som frivillige på Storeggen. Da humrer gjengen litt og er enige om at det sosiale er en veldig viktig faktor.



Heland i Breisundet på vei hjem fra trebåtfestival i Ullsteinvik.

trives, så derfor er båtturer viktige. Heland har dessverre litt problemer med omstyringen, og går bakover og framover litt som den vil. Dette gjør at den ikke kan brukes som vi ønsker, men vi satser på at vi får midler til å overhale de delene som er utslitte. Vi ønsker at Heland igjen kan bli å se på fjorden titt og ofte, og at den kommer seg over til Shetland

igjen, som er favorittdestinasjonen til både Heland og de frivillige om bord.

Så er du båtinteressert og har lyst til å være med i et kjekt miljø, med tjærrelukt og lange turer, er det bare å melde seg som frivillig til Musea på Sunnmøre.



En av de frivillige, Yngve Block Hansen, sier at det finnes nok ikke noe annet frivillig arbeid som gir mer tilbake. Han begrunner det med at det er mange kjekke folk og fine båtturer til både nære og fjerne kyster. Det er resten av gjengen på Storeggen enige i.

Ombygging på Sunnmøre Museum

Av Siw Solvang, marknadsansvarleg og prosjektleiar for ombygginga



Skisse av museumsbygget og uteområdet slik det vil sjå ut etter ombygginga.

Sunnmøre Museum har om lag 60 000 besøkande i året, og er ein svært viktig kulturell møtestad, både lokalt og regionalt. Området er ein ynda stad for turgårarar og mosjonistar. Også skulane og barnehagane i nærområdet nyttar friluftsmuseet til tur og leik. No startar arbeidet med å fornye publikumstilkomsten og gi ei enda betre besøksoppleveling for publikum.

I dag er ikkje driftsbygningane tilrettelagde for å møte dei forventningane til moderne og publi-

kumsvennlege lokalitetar som «Regional delplan for musea i Møre og Romsdal» legg opp til. Ombygginga skal gi publikum ei betre besøksoppleveling med eit helt nytt og universelt tilpassa inngangsparti med felles tilkomst til resepsjon og museumscafé. Det vert også ny meny i museumskafeen og eit nytt vareutval i butikken. I tillegg vil ombygginga frigjere plass til formidling og nye utstillingar.

Fleire kontor

Ombygginga omfattar også betre fysisk tilrettelagte



Innringa område vil vere stengt i byggeperioden.

arbeidsplassar for dei tilsette. I dag sit vi litt rundt om, med kontorplassar fordelt i gamlebygget og i kaibygget. Med ombygginga får ein eit samla kontorfellesskap i tillegg til eit etterlengta felles personal- og lunsjrom. Det blir også plass til fleire kontor, slik at tilsette frå andre delar av regionen kan ha arbeidsdagar i Borgundgavlen ved behov.

Stengt hovudinngang

Av sikkerheitsmessige orsakar vert området rundt hovudhuset, båthallen og kaia stengt for publikum fram til opninga i oktober. Den «øvre» delen av friluftsmuseet vil vere open, men då med inngang via stien frå Middelaldermuseet.

Middelaldermuseet er ope

Sjølv om hovudbygget no vert stengt, vil museet likevel vere ein møteplass for både turgårar og kultursvoltne gjestar. Middelaldermuseet er ope kvar torsdag, fredag, laurdag og søndag i heile byggeperioden. I skulane sin sommarferie held Middelaldermuseet ope kvar dag. I tillegg til å få omvising eller ta turen innom utstillinga på eiga hand, kan ein også stikke innom for ein kopp kaffi og ein nysteikt vaffel.

Vi gler oss til å invitere alle til gjenopninga av hovudmuseet i oktober!

Musea på Sunnmøre i Koronatid

Av Ingvil E. Grimstad



Alt låg til rette for endå eit rekordår for det nye Musea på Sunnmøre. Programmet for våren hadde gått i trykken og cruisetrafikken såg ut til å verte all time high. Fredag 12. mars snudde alt på hovudet. Det var koronatid.

Leiinga var samla til krisemøte på Aalesunds Museum. Viruset hadde spreidd seg, og regjeringa kunngjorde dei sterkeste og mest inngripande tiltaka i Norge i fredstid. I starten av møtet var haldninga at vi ikkje måtte få panikk og at å stenge musea ville skape angst og ugreie. Men så kom spørsmåla; kva med dei som står i første linje og møter publikum? Kva med arrangement med folk frå fjern og nær? Kva med dei som er sårbar mot sjukdomen? Så kom meldingane om at lokale skular og barnehagar stengte. Tilsette med barn måtte hente borna sine. Museum etter museum stengte dørene. Mot slutten av møtet var diskusjonen lagt død. Musea på Sunnmøre vart stengt. Alle arrangement vart avlyst og tilsette vart oppfordra til heimekontor.

Digitalt møte, frå Landbruksmuseet i Gjermundnes.

Zooms og Teams og mjuting

Sjølv om mykje var skummelt og usikkert, vart det straks overdøyvd av praktiske oppgåver som måtte løysast. Heimekontor, Teams og Zoom sneik seg inn i vokabularet, og det var eit jamt sig av prøving og feiling. Skjermbiletet var på tvers, mikken var mjuta, folk oppsøkte feil digitale møte og gløymte både mikk og video når det ikkje passa seg. Vi rigga oss til med heimekontor i soverom og kjellarar, og i den første strengaste tiltakstida fram til slutten av april var det arbeidstid og heimeskule på skift.

Å drukne i nye retningslinjer

Når dei største tekniske utfordringane var overvunne og iveren etter å leike med rare bakgrunnar på Teams hadde lagt seg, vart arbeidsdagen delt inn i digitale og fysiske møte. Museet er ikkje ein arbeidsplass der alle oppgåver kan løysast frå heimekontor. Handverkarane, som jobbar mykje ute med bygg og båtar, heldt fram med arbeidet heile året. Også dei som jobba med gjenstandar var bundne til arbeidsplassen. Etter kvart vart fleire prega av brakkesjuke. Vi måtte møtast. Knirkefritt var det ikkje, og her kom det fram at vi menneske er ulike. Retningslinjene hagla inn frå fleire hald; Regjeringa, FHI, kommunane, fylket, Kulturtanken, Museumsforbundet og skuleverket. Vi måtte ta stilting til mykje som vi aldri hadde tenkt på før; viruset si levetid inne og ute, sprit eller grønsåpe på eks-

ponerte flater, problem med spriteleveransen, system for registrering av besøkande, buffet eller enkeltporsjon, ein meter eller to meter - og kaffikanner som ikkje lenger kunne sendast rundt. Kaffirutinene var kanskje det som vekte mest ugreie internt. Problemet vart løyst med innkjøp av uhorvelege mengder kaffikanner. Famlinga i starten kom sjølvsagt av at dette var nytt og voldsomt for alle. Etter kvart har vi funne rutiner og løysingar for nær sagt alle situasjonar museet må handtere, både internt og i møte med publikum.

Suksessen ligg i kohorten

Når barnehagane og skulane starta opp igjen i slutten av april kom omgrepet «kohort» på alle sine lepper. Dei fleste lo og tenkte det var pompøst, og det var også mykje forvirring innleiingsvis om kven som er kohort og korleis handtere to kohortar på same dag. Dette var særleg ei problemstilling for skuleturneane. Å reise frå ein skule til ein annan er oftast eit spørsmål om logistikk, men no vart det eit spørsmål om blanding av kohortar. Løysinga vart å lage koronaversjonar av alle vandreutstillingar og formidlingsopplegg. Ein koronaversjon er kjenneteikna av mindre nærbane, mindre grupper, streng logistikk, vasking og sprit. Kohorten har faktisk vore redninga for museet, og ikkje minst for barn og unge. Med kohorten og spriten i verktykassa kunne faktisk svært mykje av aktivitetene gå



*Koronaversjonen
av Bygg og bevare
meg vel! inneheld
vasking av
stavlinebygg.
Foto: Jan Kåre
Blindheim.*



Lansering av Årbok for Sunnmøre. Dag Brøther sørga for obligatorisk spriting og registrering av publikum. Foto: IEG.

sin gang. Vi hadde planlagt 217 arrangement i 2020. 84 vart avlyst og 16 kom til som følgje av den nye kvardagen. Musea gjennomførte altså 149 ulike arrangement i løpet av koronaåret!

Frivillige i risikogruppa

Om ein skal peike ut ei gruppe som spesielt koronalidande i musea, så er det dei frivillige. Dei frivillige i musea har generelt høg snittalder og kjem inn under den såkalla risikogruppa. Særleg har dette vore vanskeleg for grupper som er avhengige av å møtast, til arrangement og til dugnad. Unntaket er dei skriveglade som har bidrøge til Årbok for

Sunnmøre. Årbok for Sunnmøre 2020 er truleg den tjukkaste årboka nokon gong. Korona har gitt gode skrivekår.

Koronasommar

I februar 2020 venta ein heile 420 000 cruiseturistar til Ålesund i løpet av sesongen. Slik vart det ikkje. Vårt utanlandske publikum vart stoppa på grensa, og det førte til bekymring for museet sine eigeninntekter. Budsjett måtte skrivast om og planar måtte endrast. Med krisepakke frå regjeringa vart det heldigvis ikkje fullt så dramatisk som vi først trudde.

«Koronasommaren 2020» baud også på mykje hyggeleg. For å unngå større folkemengder fordelte vi aktivitetane på Sunnmøre Museum utover heile veka, med tilpassingar og temaomvisingar med våre eigne formidlarar. Det same gjorde vi på Aalesunds Museum og Fiskerimuseet. Det var fint å møte eit lokalt publikum på ein slik personleg måte. Møbelmuseet og Naturmuseet i Sykkylven og Dalsfjord fyrmuseum fekk til og med ei god auke i besøkstalet. Nordmenn på ferie i eige land, og ikkje minst lokalbefolkinga, har tydeleg gripe mogelegheita til å bruke museumstilboda i regionen.

Ein ny kvardag?

I skrivande stund er vi framleis ikkje tilbake til kvardagen før korona. Vi er for lengst fortrulege med heimekontor som møteform, men vi lengtar etter å vere ilag på skikkleg. Turneane er i gang og vi har bookingsystem for alle opne arrangement, tellekant i vaskerutinene og meir digital formidling enn nokon gong. Men det er håp: Vaksinasjonen er i gang, og vi trur at vi snart kan ønske velkommen til både publikum og frivillige med deilig prekorona – lettheit.

Interimforsøka 1955

Den største revolusjonen i norsk skulehistorie, slik eg minnast det.

Av Per Arne Grebstad, pensjonert lærar, Sykkylven

Hausten 1955 tok eg til i femte klasse på Aure skule. Dette året sette forsøksrådet for skuleverket i gang dei såkalla interimforsøka som førte fram til den niårige, no tiårige einskapsskulen. Ein skule der alle elevar, gutter og jenter, uavhengig av sosial status, har lik rett til ti års skulegang. Altså ein offentleg skule for alle. Landet vårt var i ferd med å kome seg på føtene etter den andre verdskriga. Georg Catlett

Marshall hadde vore øvstkommanderande for dei amerikanske styrkane i åra 1939 til 1946. Så vart han utanriksminister i USA og i 1947 lanserte han Marshall-planen, økonomisk og materiell hjelp for å få eit Europa i ruinar opp frå grusen. Industri og næringsliv fekk hjula i gang, men likevel var det rasjonering på dei fleste matvarer i fleire år. Og først i 1960 vart det slutt på kjøpeløyve for privatbil. På bygda merka ein det tydeleg med mekaniseringa, hesten hans Lars Petter drog ikkje lenger treplogen etter Høgsetsida i djupsnøen. I staden kom der ein amerikansk GMC med plog av stål og ei tonne bensin på lasteplanet, for, desse bilane var drikkefeldige. Dei små «Gråtassane», Ferguson-traktorane vart etter kvart vanlege på gardane.

I 1954 sto den nye Aure-skulen ferdig med alle spesialromma, tresløyd, metallsløyd, handgjerningsrom, skulekjøkken, naturfagavdeling for kjemi, fysikk og biologi. Så til slutt fylket sitt mest eksklusive uverskur, gymnastikksalen, ja, dei hadde berre byggeløyve for uverskur.

Frå først av var det kommunane Ørsta og Malm som skulle vere med i forsøket, men over ein kaffikopp og eit formkakestykke nemnde skuledirektören Anders Stølen for læraren vår, som også var styrar på skulen, at kanskje Sykkylven burde bli



Sykkylven ungdomsskule 1988.
Skulen ligg på Aure i tettstad-
området nær elva, sjøen, kyrkja
og idrettsanlegga. Foto: Per Arne
Grebstad.



Barneturnstemnet 1979 marsjerer gjennom skuleområdet. Den kvite Eljasløa og det gamle Jørnverkstedet, skomakaren, er no borte. Foto: Per Arne Grebstad



med. Dette var «gefundenes fressen» for Olav Vik, pedagogen som meinte at Kong Salomo og Jørgen hattemakar var jamsides og like. Hansov neppe meir enn ei natt på tanken og vart ein pioner i norsk skulehistorie.

Den 7-årige folkeskulen var ein god skule, og dette omdømmet hadde han og utover landegrensa. Saman med den eittåriga framhaldsskulen og den toåriga realskulen vart han stammen i den nye skulen. Og korleis merka vi elevane det nye i skulen? Trøorgelet var framleis på plass og kvar morgon trødde lærarane ein salme og vi sluttta gjerne dagen med «Fager kveldssol smiler».

Året 1956 var spesielt for då vart Gutemusikken ved Aure skule skipa, ja den gongen var det Gutemusikk, jentene fekk pent halde seg på pianokrakken. Foreldra var sterkt engasjerte, eg hugsar kor dei sat ved småbord i gymnastikksalen og kosa seg. Pengar til uniformer skaffa dei og. Det var strid mellom gutane om dei skulle vere raude eller blå. Til slutt vann dei raude. Vi debuterte første mai, då lurte vi oss ut ein runde før programmet for dagen starta. Det vart mange øvingar, mykje marsjering og ikkje så litra musikkglede gjennom åra. Siste gongen eg var med, bles eg euphonium på Slettegjerde jonsokaftan 1960.

Tredjeklasselæraren hadde vore i Sverige på studiereise og kom tilbake med to nye påfunn. Elevane skulle sitje saman to og to, gut og jente. Det var lite populært, godt at vi ikkje vart tvangsgifte. Så hadde han med blokkfløyta, pistrelæta som skulle kome til å plage folk og fe i lange tider. Alle kunne no spele eit instrument, trudde dei. Alt strevet som fedrane hadde hatt i 1905 såg ut til å vere fånyttes.

Frå Aursnesfjøra.
Foto: Per Arne Grebstad.



Grønruss 1960. Frå venstre Kirsten Sjøholt, Rolf Sandanger, Gunhild Ekornes og Per Arne Grebstad sitjande.

Foto: Per Bjørnar Dale.

Som sjuandeklassingar fekk vi merke at vi var prøvekaninar. Først ei intelligensprøve på 146 poeng, så vart vi plasserte i gymnastikksalen med blyant og papir. Læraren kom inn og leste opp ein tekst om kvalen. Vi skulle så skrive ned det som vi hugsa. Det tredje var ei rekneprøve på 160 poeng, det var eksamensprøva. I 8. og 9. klasse kom det observatørar som følgde med læraren si undervisning. Desse to åra var G-klassene rett og slett den tradisjonelle 2-årige 2-språklege realskulen. Framandspråka var engelsk og tysk, g-en sto for gymnasførebuande. Y-linja var yrkesførebuande. Niande året var det klasser i handel og kontor, husstell og handtverk.

8. og 9. klassene gjorde seg nytte av alle spesialromma i den nye Aureskulen. Gamleskulen står enno. Han er bygd av material frå korskyrkja.

Her vart alle romma nytta, også lærarbustaden på

loftet. Stova var lærarrom og kjøkkenet kontor for rektor.

Ettersom dei indre strukturane i skulen tok form, vart det aktuelt å bygge eigen ungdomsskule. Ordforar Fridtjof Fredriksen tok seg ein tur ut til Lars J.A. Aure og kona Guri. Han kom tilbake med ein avtale om 17 mål, dekar, til skuletomt i Høgtetgane. Der var det god byggegrunn, elvaskot.

Mi eiga rolle som lærar vil eg ikkje gå inn på her, men eg fortel gjerne at det har vore ein god skule for borna våre. Då dei var ferdige med den obligatoriske skulen, reiste dei ut i verda frå skule til skule. Vitnemåla avslører denne reiseruta: Sykkylven, Volda, Ålesund, Stranda, Bergen, Oslo, München, Lausanne, Cambridge, Oxford, London og Silicon Valley.

Tre-naglen fra «Fox»

Et 40-årsminne

Av Ivar Gunnar Braaten



(Foto: Aalesunds Museum.)

En høstdag tidlig på 80-tallet. Kjellerrommet på Aalesunds Museum var fylt av gjenstander. De lå overalt, og de skulle alle registreres. Så her var det bare å gyve løs!

Jeg startet med å dele gjenstandene inn i to grupper: De som hadde løpenummer påført, og de som manglet dette.

De som hadde løpenummer, ble prioritert: Først ble hver enkelt gjenstand fotografert; 24 av gangen i sort/hvitt-film. Filmen ble levert til framkalling, noe som tok omrent ei uke. Etter å ha fått bilda tilbake, ble negativene plukket ut, nummerert og plassert i et eget album.

Så var tida inne for å hente fram museets tilvekstprotokoll og registreringsskjemaet fra NKKM (som stod for Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer). På registreringsskjemaet ble bildet av gjenstanden limt på, og opplysningene i tilvekstprotokollen nøyaktig notert.

En dag lå en tre-nagle for tur for registrering. Eller var det riktigere å kalle den en tre-skue? I hvert fall var gjenstanden gjenget. Den ble målt til å være 20 cm lang, og hadde en diameter på 3,5 cm.

Tilvekstprotokollen kunne fortelle at det som der ble betegnet som en «tre-nagle», var gitt i gave til Aalesunds Museum i 1932 av skipper Sverre Foss,

Gange Rolvs gate 3. Naglen stammet fra skroget til en skonnert ved navn «Fox». Hvor Foss hadde fått den fra, stod der ikke noe om. Han må likevel ha kjent godt til fartøyet, for han kunne fortelle at «Fox» var konstruert på en særdeles solid måte. Skroget bestod av skråbygde planker i tre lag, satt sammen av utallige slike skru-nagler. Huda skal ha vært av indisk teak, garneringa av skotsk lerk.

At et slikt tilsynelatende verdiløst stykke tre var blitt tatt vare på og innlemmet i samlinga til museet, gjorde meg nysgjerrig: Hva var det med «Fox» som gjorde denne tre-naglen bevaringsverdig?

Jeg bestemte meg for å finne ut mer om denne skonnerten. Underveis kom jeg over historien om «Mannen som spiste støvlene sine»:

John Franklin

John Franklin ble født i den engelske småbyen Spilsby i Lincolnshire i 1786, og vokste opp i en håndverkerfamilie med elleve søsken. Familien satt i trange kåر, så unggutten måtte tidlig ut for å tjene til livets opphold.

Allerede som 14-åring gikk han inn i den britiske marinen, og deltok i angrepet på Københavns red i 1801, og i slaget ved Trafalgar i 1805.



Sir John Franklin. (Wikipedia).

I 1819 ble John Franklin utpekt til å lede Coppermine-ekspedisjonen, som skulle utforske nordkysten av Canada. Ekspedisjonsskipet var søkklastet med luksusgjenstander, noe som både var vanlig på den tida, og som ble sett på som helt nødvendig for å opprettholde en «sivilisert» livsstil under lange opphold i isødet. Heller da spare på provianten.

For deltakerne på Coppermine-ekspedisjonen fikk dette fatale konsekvenser. De gikk tomme for

mat, med det resultat at elleve av 20 døde av sult. De resterende overlevde ved bokstavelig talt å spise alt som var mulig å fortære, før de til slutt ble berget av innfødte. Etter denne ekspedisjonen ble John Franklin kjent som «Mannen som spiste støvlene sine».


Det sies at Franklin høstet bitre, men like fullt nyttige, erfaringer av denne tragedien. Hans tro på at den vestlige sivilisasjonen var naturen overlegen, hadde fått seg en kraftig knekk. Så neste gang Franklin dro av gårde, lot han sølvstøy, porselens-tallerkener og krystallglass bli igjen hjemme, og prioriterte i stedet proviant og nødvendig utstyr. Den neste ekspedisjonen, ned Mackenzie-elva, ble da også langt mer vellykket. Med den var en stor del av Canadas nordkyst kartlagt, og som takk for innsatsen ble Franklin adlet.

Nordvestpassasjen

Sir John Franklin var blitt 59 år da den britiske regjeringen ba ham om å lede en ekspedisjon som skulle utforske og kartlegge Nordvestpassasjen. Selv om både Franklin og andre hadde seilt gjennom deler av denne passasjen tidligere, stod fremdeles om lag 500 km igjen å utforske.

Franklin takket ja til oppdraget, og 9. mai 1845 la han av gårde med to skip, HMS «Erebus» og HMS «Terror», i retning Canadas nordkyst. Foruten seil var skipene også utstyrt med dampmaskiner. Dermed kunne de gjøre ei fart på fire knop. Ekspedisjonen bestod av 135 mann, og hadde proviant som skulle rekke i tre år.

Vel to måneder seinere, den 26. juli, ble skipene observert av to hvalbåter. De lå da for anker i Lancaster-sundet mellom Baffin-øya og Devon-øya,



HMS «Erebus»
og HMS
«Terror».
(Wikipedia).

nord for Canada. Observasjonen var den siste som ble gjort av Franklins ekspedisjon.

To år gikk uten livstegn. Da ba Franklins kone, lady Jane Franklin, det engelske sjøforsvaret om å sette i gang leiting. Sjøforsvaret avviste fore-



Lady Jane Franklin. (Illustrasjon fra Arnesen, Odd: 400 års kamp om Nordvestpassasjen. 1943.)

spørseren, og mente at hun kunne ta det helt med ro. Ekspedisjonen hadde jo forsyninger for enda ett år.

Det tredje året gikk imidlertid også uten livstegn. Da bestemte både den britiske og den amerikanske marinen seg for å sende ut leiteskip. Samtidig ble det utovet ei belønning på 20 000 pund til den som kunne finne Franklin og hans mannskap.

Fram til 1850 var leitinga resultatløs. Denne sommeren ble det gjort et grundig søk på Beecheyøyen i Lancaster-sundet. Søket resulterte i at gravene til tre av Franklins besettingsmedlemmer ble funnet. Gravene var merket med navn. Her ble også funnet gjenstander som tydet på at ekspedisjonen hadde overvintret i dette området.

Fire år seinere avdekket den skotske legen John Rae det som i ettertid skulle vise seg å være den mest sannferdige beretningen om ekspedisjonens skjebne:

Mens han kartla Boothia-halvøya på oppdrag fra Hudson Bay-kompaniet, kom Rae i kontakt med inuit-jegere. Jegerne kunne fortelle at Franklins skip hadde frosset fast i isen. Mennene hadde forsøkt å ta seg videre til fots, men var blitt overmannet av sult og kulde. I desperasjon hadde de også tydd til kannibalisme.

John Rae sendte en rapport til britiske myndigheter om det han hadde fått vite; en rapport som etter hvert også kom pressen for øre. Reaksjonene ble kraftige; både fra den britiske marine,



Skonnerten «Fox» var bygd hos Alexander Hall and Sons i Aberdeen i 1854. Foruten seil var skipet også utstyrt med ei dampmaskin på 16 hk. (Wikipedia).

som fradømte skotten all ære og troverdighet, og fra Jane Franklin, som nektet å gi opp håpet om å finne John Franklin i live. Og i årene som fulgte fikk hun både myndigheter og privatpersoner til å finansiere en rekke leiteaksjoner etter sin savnede mann.

Ett av skipa Jane Franklin satte inn i denne leitinga, var skonnerten «Fox».

Skonnerten «Fox»

Skonnerten «Fox» var bygd i 1854, som en privat yacht for den engelske adelsmannen Richard Sutton. Sutton rakk imidlertid bare å ta én tur med skonnerten før han døde, og den gikk langs norskekysten.

Etter Suttions død ble «Fox» overtatt av den britiske marinen. Marinen brukte skipet under Krimkrigen mellom 1853 og 1856, før lady Franklin kjøpte det i 1857.

Under kommando av Allen Young forlot «Fox» Aberdeen 1. juli samme år, og satte kurs for nordkysten av Canada. Mannskapet etablerte base i stredet øst for Boothia-halvøya. Fra basen ble det sendt ut flere slede-ekspedisjoner for å gjennomsøke dette enorme, øde området.

Den 6. mai 1859, etter to år med forgjeves leiting,

valgte nestkommanderende om bord på «Fox», løytnant William Hobson, å plukke fra hverandre en varde han hadde oppdaget på King William-øya. Varden hadde trolig stått der fra langt tilbake i tid, men kanskje inneholdt den spor etter Franklin-ekspedisjonen?

Og, ganske riktig: Stukket inn mellom steinene, lå et enkelt papirark. Arket var tett skrevet, og inneholdt flere meldinger, alle med ulik datering. I ei av meldingene, datert 25. april 1848, stod det at HMS «Erebus» og HMS «Terror» var blitt forlatt tre dager tidligere, «fem kvartmil nordvest for dette sted». Ifølge den samme meldinga hadde John Franklin avgått ved døden 11. juni 1847. 150 år seinere, i 1997, kunne undersøkelser av bein og andre rester etter likene som ble funnet på Beechey-øya, gi en endelig bekreftelse på det den skotske legen John Rae hadde rapportert: Franklin-ekspedisjonens medlemmer var blitt offer for en kombinasjon av kulde, sult, botulisme, skjørbusk – og kannibalisme.

I 2014 ble vraket av HMS «Erebus» oppdaget nær Adelaide-halvøya sør for King William-øya. To år seinere ble vraket etter HMS «Terror» lokalisert i Terror-bukta ved sørkysten av King William-øya. Nærmore undersøkelser av vrakene tyder på at



Leitemannskap fra «Fox» gjennomsøker varden på King William-øya. Det var nestkommanderende om bord, løytnant William Hobson, som her fant skriftlige meldinger fra Franklin-ekspedisjonen. Meldingene var skrevet på et enkelt stykke papir, et trykt formular for nautiske undersøkelser. (Illustrasjon fra Arnesen, Odd: 400 års kamp om Nordvestpassasjen. 1943.)



Sir John Franklin, på sokkel i sin fødeby, Spilsby (Foto: Wikipedia.)

begge skipene var blitt seilt til de stedene der de ble funnet, og at de der hadde satt seg fast i isen.

Arven etter Franklin

Flere minnesmerker hyller John Franklin som «oppdager av Nordvest-passasjen». Både øyer, streder, elver og gater er oppkalt etter ham. «Fox» er heller ikke glemt. I 2009 ble det blant annet holdt ei minnemarkering i London i anledning 150-årsdagen for funnet i varden på King William-øya.

Den tragiske skjebnen til John Franklin og hans menn har inspirert journalister, forfattere og musikere:

Den kanadiske forfatteren Margaret Atwood har gitt ut både barnebok, og noveller og essays om Franklin-ekspedisjonen. Fjernsynskanalen Dis-

covery viste i 2006 dokumentarfilmen «Franklin's lost Expedition», og året etter gav Dan Simmons ut romanen «The Terror».

I juni 2010 var det premiere i London på teaterstykket «Tom's a cold» av David Egan; basert på de samme hendelsene. Den irsk-amerikanske gruppa Nightnoise har på sitt album «Something of Time» fra 1987, en låt med tittelen «The Erebus and the Terror». «Lady Franklin's Lament» og «Nortwest Passage» er andre musikalske eksempler. En kanadisk rose-art og et svensk marineskip er også oppkalt etter Franklin.

Når det gjelder den videre skjebnen til «Fox», er den i korte trekk som følger:

Etter å ha vært med på leitinga etter Franklin-ekspedisjonen, ble skonnerten nok en gang overtatt av britiske myndigheter. I 1860 og 1861 ble den brukt i kartlegging av norskekysten, i forbindelse med planlegging av en telegraf-sjøkabel mellom Norge og England.

Seinere ble «Fox» solgt til et handelskompani i København. Danskene sørget for at skonnerten gjennomgikk ei total renovering, og fikk satt inn ei ny, og langt kraftigere, dampmaskin.

«Fox» endte opp som vrak utenfor kysten av Grønland i 1912, etter mange års trofast tjeneste for det danske handelskompaniet.

Muligens er da tre-naglen, som Sverre Foss tok med seg til Aalesunds Museum i 1932, og som ble grundig registrert og fotografert 50 år seinere, dermed det eneste fysiske minnet som fremdeles finnes etter «Fox»; skonnerten som på avgjørende vis bidrog til å løse mysteriet omkring Franklins ekspedisjonens sorgelige endelikt.

Torvrensing av Margareta kirkeruin 2020

Av Heidi Haugene

Høsten 2020 renset Sunnmøre Museum frem ruinen etter Margaretakirken, en av fire middelalderkirker kjent fra litteraturen. Den eldste omtalen av kirken er fra 1309 da kirken ble omtalt i ridder Bjarne Erlingssons testamente (Marite kierche, DN XV:1). Margaretakirken var en kirke på Borgund beskrevet som en steinkirke som utvendig og i samtlige åpninger var kledd med marmor kvader og trolig er fra 1100-tallet. I 1587 er kirken omtalt som øde (St. Margaretæ Kirke udi Borgund som nu er øde, NRR II:700). Marmorsteinen fra kirken ble brukt til utvidelse av St. Peters kirke (Kloster 1957:354ff).»

Rensing

Margaretakirken som var en romansk langkirke på ca 20m x 10 m, er trolig fra 1100 tallet.

Tre av kirkene vi kan lese om er registrert. Det er Peterskirken som er en del av midtskipet i dagens Borgund kirke, og vi kan se ruiner ved låvebroen til Ålesund Dyrekubb, etter Krist- eller Matteskirka. Margaretakirken ytterst på odden ved Katavågen. Den fjerde kirken er ikke funnet enda, jeg sier enda for vi fortsetter å lete. I to omganger, i 2013 og 2019, har vi hatt georadarundersøkelse her som mener de fant koret til kirken, eller kan dette være den fjerde

kirken, altså en tidligere kirke enn Margaretakirken. Vi har mye spennende i vente.

Margaretakirken ligger som nevnt lengst sørøst på odden i Katavågen, og har vært gravd ut og renset frem i flere omganger. I 2020 var både murfundamentet og ruinens «innside» helt gjengrodd, og i løpet av høsten renset Sunnmøre Museum frem ruinen og gjorde klart for lyssetting. Bakgrunnen for at vi skulle rense denne frem var for å få vise publikum hva vi har og fortelle historien for skolelever, publikum og pilegrimer. Som nøkkelsted for Kystpilegrimsleia er det viktig å få fortalt om kirkene på Borgund.

Mange utgravninger

Første gang ruinen ble synlig var etter en utgravning i 1912. Forpakterne av prestegårdssjordet fant et steinfundament som de raskt forstod var mer enn bare en oppsamling av stein. Det ble sendt brev til Bergens Museum som i sin tur sendte Gerhard Fisher, en arkitekt og arkeolog, til Borgund. Han foretok en utgravning av kirkeruinen, som med dette ble Norges første middelalderutgravning. Fisher grov frem fire skjelett, marmor og tegelfragment samt glass og bly, trolig fra kirkens vinduer.

Under årenes løp har forpakterne funnet flere gjen-



Fremrensing av kirkeruinen høsten 2020. Dronebilde Ole-Andre Rønneberg.

stander i jorden av husholdnings og by -karakter. I 1940, etter at forpakterne hadde funnet både gjenstander og trekonstruksjoner kom Bergens Museum ved arkeolog Per Fett og registrerte bosetningsspor og fant gjenstander som lær og fragment av klebersteinsgryter. I 1953 ble Bergens Museum igjen kontaktet, denne gang fordi kirken ville utvide sin kirkegård på området der middelaldermuseet ligger i dag. Men så fort arkeologene satt spaden i jorden kom det både kulturlag, bosetningsspor og gjenstander frem.

Med bakgrunn i dette startet Bergen Museum under ledelse av Asbjørn Herteig en 20 sesongers lang utgravning mellom årene 1954 og 1983. Herteig summerte oppstarten slik: «Kirkene, de mange tilfeldige funn av gjenstander i jorden, stedsnavn (Katavåg som kommer fra ordet Kata eller Kati som betyr liten båt), og de mange gode muligheter for landingsplasser, båtstøer og sikker havnpllass sammen med gunstig beliggenhet, gir bakgrunn for og rammen for de arkeologiske utgravningene».

Da utgravningene startet undersøkte arkeologene området rundt og inne i kirkeruinen hvor de fant både marmorfragment, teglbrokker, bein og en terning.

Under utgravningen i 1964 ble vestre del av murfundamentet avdekket og i 1975 fortsatte arbeidet. En del av ruinen lå fortsatt uavdekket etter dette og i 1990 ble siste utgravning gjort med funn av mer marmorfragment, glass og teglbrokker.

Gjenbruk

Da Georg Fisher hadde sin utgravning av Margareta-kirken i 1912, slo han fast at kirken var av stein med



Noen av funnene i kirkeruinen. To terninger, som, dyrebein, keramikk fra høymiddelalder og en skrape av flint.

marmorkledning, tidligere trodde man at kirkene var i tre, stavkirker. Men spor etter marmor fra kirkene har vi funnet både i kirkemuren til dagens Borgund kirke, i låvebroen til Dyrekubben og vi har samlet sammen flere store marmor - «kvadrer» som har blitt funnet i Prestegårdshagen og i et par murer. Disse kan ses utenfor middelaldermuseet i dag. Det er sannsynlig at marmoren vi ser i låvebroer, husgrunner og murer er fra de fire middelalderkirkene og det var helt vanlig at man tok det man hadde på jordet da man bygget låver, hus, mur og stabbur.

Funn av terning

Så tilbake til 2020. Da vi startet å rense frem ruinens innside måtte vi «grave» oss ned fra 1-5 cm for å få et jevnt underlag å legge grusen på. Inne i kirkeruinen skulle det nemlig fylles med duk, singel og grus. Vi skulle grave minst mulig da dette ikke var en utgravning, men en fremrensning. I ruinens nord-østre del ble det lagt på jord i 1964 og 1975, alt de da grov bort fra muren ble samlet inne i ruinene. Dette ble kjørt bort i 1989, men en del hardpakket jord ble liggende igjen. Her måtte vi rense og grave oss litt ned. Og vi fant!

Vi fant bein, dyretanner, keramikkfragment, båtsøm, spiker og et par uidentifiserte små metallfragment og i selve ruinene fant vi en skape av flint. Men det som overrasket oss mest, eller gjorde oss mest entusiastiske, var nok funnet av to terninger i midten av ruinene!

Terninger av bein, samme type terning som ble funnet i 1953. Summen av tallene på to motstående sider av terningen skal være syv. Og det var det på den ene vi fant, men ikke den andre, og det var det ei heller på den som ble funnet i 1953. Hva dette betyr vet vi ikke enda, men spennende er det. Og mer spennende skal det bli når vi i 2023 får resultatene av fire års forskning fra de 14 forskerne som tar for seg alt materiale som er funnet på Borgund. Forskningen er under ledelse av professor Gitte Hansen ved Universitetet i Bergen, og vil komme i bokform og ved ulike arrangement på Middelaldermuseet på Borgundkaupangen i løpet av 2023.

Velkommen

Tidslinje

Steinalder 10000-1700 f.kr

Bronsealder 1700-500 f.kr

Jernalder 500f.kr.1066 e.kr

Middelalder 1066-1537 e.kr

Teater i Gavlen

Av museumspedagog Jan Kåre Blindheim



Askeladden grunnar på livet i Framgardstova. Foto: Anne Marthe Vestre Berge.

Det siste året har ulike teaterensemble synt interesse for å bruke Sunnmøre museum som arena for å lage tablå/framsyningar for publikum.

Vi har i fleire år leigd inn musikteatergruppa FRIKO i sommarsesongen. Dei tre jentene i denne gruppa har laga flotte framsyningar, og mange har

teke turen til museet for å oppleve dei. Dette har tidlegare år gått føre seg i Båthallen, men sommaren 2020 vart Bedehuset teke i bruk som teaterscene. Dette fungerte utmerka, og framsyningane «Dei ville svanane» og «Bestefar og sønnesønn» vart godt mottekte av publikum.



Dei ville svanane. Foto: Anne Marthe Vestre Berge.

Hausten 2019 vart vi kontakta av Jugendteateret. Dei hadde ønske om å lage ei vandreframsyning der dei brukte fleire av husa på museet som kulisser. Meininga var at dette skulle skje våren 2020, men dette vart avlyst grunna koronapandemien.

Da sommarferien var over, vart samarbeidet teke opp att, og i starten på oktober vart sju framsyningar av «Askeladden og dei sju dødssyndene» gjen-nomførte, med publikum og gode koronatiltak. Tilbakemeldingane frå publikum var gode, og Jugendteateret har ønske om eit vidare samarbeid med Sunnmøre museum.

Dette har vi gripe fatt i, og saman med teateret vil vi no framover våren arbeide med å lage eit prosjekt som vi håper skal munne ut i ei ny og annleis for-midling ved Middelaldermuseet. Dette blir spennande!

Ei anna teatergruppe som vi har vore i kontakt med, er barneteatergruppa i ungdomslaget «Ivar Aasen». Det var meininga at dei skulle ha innslag under førjulsøndagen i 2020, men denne vart dess-verre avlyst. Vi vil halde kontakten med dei, og prøver å engasjere dei i andre samanhengar.

Den siste gruppa, som vende seg til oss hausten 2020, var ei dramaklasse frå Fagerlia vidaregåande. Dei hadde dannet ei sjølvstendig teatergruppe som kalla seg Etterklang Teaterensemble. Dei hadde ønske om å få sette opp eit teaterstykke i bedehuset. Dei var her på synfaring, og hadde eit par øvingar som dei var godt nøgde med, men på grunn av-smitterestriksjonar måtte dei dessverre avlyse framsyningane.

Eg forstod det slik at denne gruppa var eit slags klasseprosjekt, så den blir sikkert oppløyst ved skuleslutt, men vi vil halde kontakt med Fagerlia, og oppmuntre dei til liknande prosjekt i framtida.

Ny basisutstilling på Sunnmøre Museum

Av prosjektleiar Cecilie Rørstad

Musea på Sunnmøre lagar no ei heilt ny basisutstilling. Utstillinga skal etter planen opne i 2022. Design av utstilling har vore lyst ut på Doffin og prosessen med å velje utstillingsdesignar er no i gang. Ei intern prosjektgruppe i museet jobbar også med innhald og utforming. Utstillinga skal gje ei aktuell og ny skildring av naturen og samfunnet på Sunnmøre. Vi vil vise kvifor naturen er og har vore ein premiss for samfunnet, og for einskildmenneska. Kva er det med naturen som karakteriserer Sunnmøre, og korleis legg naturen premissar for samfunnet? Havet, fjorden og dei

bratte fjella er karakteristiske. Dette har gitt moglegheiter og rammer. Korleis vi bruker naturen, påverkar kulturen. Og kulturen påverkar naturen. Mykje av næringslivet på Sunnmøre har sitt utspring i dei naturgitte ressursane i landsdelen, som hav og fisk, vind og vatn, skog og gras. For å gjere nytte av ressursane, har vi forma landskapet. Ulik bruk har ført til ulike inngrep. Dette kan vi lese ut av landskapet. Samfunnet er også prega og forma av globale tilhøve. Dette kjem mellom anna til syne gjennom handelsforhold, migrasjon, design og møter, språk og andre kulturuttrykk. Museet vil vise brot og kontinuitet i historia og samtida. Formidle Sunnmøre som det rå, men vakre. Vise einskildpersonar sine moglegheiter, val og kjensler gjennom tidene. Museet vil debatttere allmenngyldige tema som liv og død – kjærlek og straff, og løfte fram dei rollene ein har valt eller fått til del. Naturen si rolle i dette og korleis menneska påverka naturen – vil vere sentralt.

Utstillinga skal vere ein sosial arena og invitere til diskusjon og refleksjon, publikum i mellom og mellom publikum og museet. Difor skal utstillinga også ha rom for kontinuerlege endringar og utvikling.

Gjennom digitale verktøy kan vi skape nye inntrykk for publikum. Vi vil bruke digitale flater for å formidle utstillinga og tematikk som inngår i den, til publikum som ikkje har høve til å besøke museet.

Musea på Sunnmøre har ei stor samling antikvariske gjenstandar. Desse ynskjer vi å vise fram for publikum og integrere i utstillinga. Dette krev klimastyrte montrar for at gjenstandane ikkje skal ta skade.

Den nye utstillinga er eit stort økonomisk løft for museet og vi er også avhengig av ekstern finansiering for kunne gjere utstillinga best mogleg, difor har det vore sendt fleire søknadar om økonomisk stønad til realisering av utstillinga.



Zakarias-dammen i Tafjorden er eit prosjekt som skapte, og skaper, ringverknadar og verdiskaping både lokalt og regionalt og var eit stort løft både økonomisk og konstruksjonsmessig. Samstundes har utbygginga endra natur og landskap i nedslagsområdet.

Lysande sentrumsutvikling

Av Frode Pilskog, konservator Dalsfjord fymuseum

Ei gamal fyrlykt vert montert i Volda hamn som del av eit sentrumsprosjekt. Ytst på moloen vert det bygt ein «fjordportal» med utsiktpir og benkar. Prosjektet vert leia av Volda kommune i samarbeid med Volda næringsforum og fylket. For eit par år sidan var Dalsfjord fymuseum kontakta og spurt om vi kunne låne ut ei fyrlykt. Lykta har vi lånt via Kystverket. Hausten 2020 vart lykta sandblåst, prima og malt i Kystverkets sine standardfargar. Lyset syner ikkje berre leia inn til hamna, men set og søkelys på Volda og Sunnmøre si rolle i norsk fyrhistorie.

Vi kjenner diverre ikkje til kvar denne fyrlykta opphavleg stod, men ho er sannsynlegvis over 100 år gammal. Fyrlykta er produsert av firmaet S.H. Lund i Christiania. Mannen med ei kongerekke til fornamn, Sverrer Hakon Harald Olaf Lundh (1830–1921) starta firmaet sitt i London i 1864, men flytta tilbake til Christiania allereie i 1868. Firmaet er kjent for import og produksjon av landbruksutstyr, men frå verkstaden i Schweigaardsgate 15 (ved dagens Oslo bussterminal) laga ein også fyrlykter, lydbøyler og tåkelurar.

Utbygginga av skipsleia

Fyrlykter spela ei viktig rolle i utbygginga av den maritime infrastrukturen frå byrjinga av 1880-åra. Dei første fyrlyktene på søre Sunnmøre: Årumsundet utanfor Åram (1885), Troldholmen utanfor Fosnavåg (1885) og Langenes på Runde (1886) var alle små kvitmalte trehus. Frå 1894 vart det innført ein ny og meir brannsikker type fyrlykter: små åttekanta «Jernhuse». To år seinare sørga den driftssikre «norske fyrlampe» for at fyrlyktene kunne lyse utan tilsyn i over 10 dagar. Frå å bygge hundretals fyr kunne ein no bygge tusentals fyrlykter.

Fyr, fyrlykter, sjømerke og hamner gjorde det enklare og tryggare å opprette dampskipsruter og fjordabåtar. Samferdsla auka og med den frakt av folk og varer.

Tilsynsmannen

Den første fyrlykta i Volda vart sett opp på Yksnøya i 1903. Saman med fyrlykta på Årumsund og Hjørungnes (1905) vart den indre skipsleia lyssett. Den røynde fyrbryggaren Ole Høidal var grunneigar



Kystverket setter lykta i operativ stand. OV Hekkingen er det nyaste og mest avanserte fartøyet til Kystverket. Med hybrid framdrift og permanente magnet-thrusterar vert bruk av drivstoff og klimautslapp langt lågare enn tidlegare.



Lykta i sentrum.

og den første tilsynsmannen. Den lokale tilsynsmannen fylte parafin, passe veiken, vaska linsa og fjerna sot. Høidal flytta til Volda og overlæt tilsynsjobben til Knud Yksnøy i 1907. Familien Yksnøy passa lykta gjennom tre generasjonar. Siste tilsynsmann var Kjell Yksnøy før lykta vart elektrifisert og automatisert på 1990-talet.

Hundre år med lys langs fjorden

1921 og 1922 var to viktige år for sunnmøringerane. Då vart det bygt fyrykter i fjordane våre. I Austefjorden vart det bygt tre fyrykter: Furnes, Årsetøy og Leitet. Alle tre vart sett opp i 1922 av arbeidslaget til Ola Flote. Fyryktene var sikkert etterlengta, ettersom MRF starta opp ei «motorbaatrute» her to år tidlegare.

Neste fyrykt vart ikkje bygt før på 1980-talet. Fyrlykta i Dalsfjord bygt for museal opplysing. Lampa hjå Dalsfjord fymuseum er oljefyrt, nett som lyktene for hundre år sidan.

Dei sunnmørske fyryggjarane var ikkje berre aktive i oppsettinga av fyr og fyrykter, mange var og mannskap på fartøy som frakta olje rundt til dei om lag to tusen fyryktene. Eit av desse skipa, «Gamle Oksøy» kjem til Ålesund, Fosnavåg og Volda i juni 2021 for å markere 300 år til lostenesta.

Fyrlykta i Volda hamn er skjerma for å kunne fungere som navigasjon installasjon, men samstundes skal ho vere ein attraksjon i bybiletet.

Vil du sjå fyryktene på Sunnmøre, sjekk
www.kystreise.no



Ulstean entreprenør AS set fyrykta på plass. Her gjeld det å treffen midt på.

Flittige møbelvenner i Sykkylven

Av Eldar Høidal

Møbelmuseet i Sykkylven har éin fast tilsett. Med seg på laget har den tilsette ei venneforeining som gjennom mange år har vore med å arrangere kulturveldar og møbelhistoriske vandringar både i Sykkylven og i andre kommunar på Sunnmøre. Føremålet til Venneforeininga til Møbelmuseet er å støtte museet sitt arbeid, og å vere med på å skape interesse for den norske møbelarven.

Dei fleste medlemene i foreininga er busette i Sykkylven. Mange av dei har yrkesrøynsler frå møbelindustrien, som er den heilt dominerande næringsgreina i kommunen. Men her er også medlemer frå andre kommunar. Møbelmuseet har, heilt frå etableringa i 1994, samla møblar, utstyr og dokumentasjon frå møbelproduksjonen i heile landet. Men så lenge museet har tilhald i Noregs møbelhovudstad Sykkylven, er det naturleg at mykje av aktiviteten til venneforeininga har eit lokalt utgangspunkt og at det er møbelproduksjonen på Sunnmøre som står i fokus.

Kokelag

Rekka av arrangement som venneforeininga har teke initiativet til, er lang. Gjennom fleire år har det vore fast tradisjon at foreininga har gjennomført to kulturveldar i året. Nokre av dei mest

minneverdige var ein serie arrangement der det vart laga til interiør frå ulike tiår, frå 1950-åra og framover. Der presenterte ein typiske møblar frå denne perioden, og supplerte med tidsriktig musikk og andre kulturinnslag. For å fortelje om periodane, henta ein inn folk frå industrien som var sentrale den gongen, produktutviklarar, sjefar, snikkararar og syrar. Nokre av møblane som vart stilte ut under desse arrangementa, vart tekne inn i museet sine samlingar.

Ei ukjent side av møbelmiljøet, er kokelaga. I møbelindustrien sine første år kom det mange ungdommar flyttande til Sykkylven. Det var så ymse med matstellet til dei unge gutane som kom og busette seg i hyblar utan kjøkken. For å gje dei gode og næringsrike måltid, byrja fleire fabrikkar kokelag der lokale kvinner fekk arbeid med å lage gode middagar, både kvardagar og helg. Venneforeininga skipa til eit godt besøkt arrangement der kokelaga stod i fokus.

I annan kvar kjellar

Desse tilstellingane har ofta blitt arrangert i storstova i kommunen, Sykkylven kulturhus. For venneforeininga har det vore viktig å vere synleg i



Møbelvandring på Stranda med Harald Kjølås som guide.

alle delane av kommunen. Ein har difor rigga seg til med mikrofonar og skjermar også i ulike bedriftskantiner. Slik har interesserte fått lære bedrifter som Brunstad, Formfin, Hjellegjerde og Ekornes å kjenne. Der kor det ikkje lenger er aktive møbelfabrikkar har ein nytta uterommet, og skipa til møbelvandringar. Ei av vandringane gjekk opp gjennom Grebstaddalen ved Sykkylven sentrum. Om dette området heitte det at det var møbelverksstad i annan kvar kjellar, og det er inga overdriving. På eitt tidspunkt, i 1950-åra, var det 120 små og store møbelverksemder i gang i Sykkylven. Langs vegen opp Grebstaddalen var det små tapetserverkstader i mest kvar kjellar, med fire-fem tilsette. Stolgrindene som dei nytta, henta dei gjerne frå trevarebedrifter i Velledalen. Det var ei spesialisering mellom ulike produksjonsmiljø i møbelkommunen. På dei forskjellige stoppa under møbelvandringa var det veteranar, mange av dei medlemer i venneforeininga, som orienterte og viste fram møblar og produksjonsutstyr frå tida då Sykkylven, og Sunnmøre, vart Noregs nye møbelsenter. Det har også blitt arrangert møbelvandringar i nabokommunane til Sykkylven.

Jubileumsfest

Det gode med å ha ei venneforeining med interesserte og kunnskapsrike medlemer, er at ein får utvida nettverket til museet og styrka banda til lokalmiljøet. Medlemene kjem med idear til tema

som kan fenge, og i møta med venneforeininga har fleire av dei best besøkte arrangementa til Møbelmuseet blitt til. Det var fullt hus då lokale langtransportsjåførar fortalte om turar til Oslo på kalde desemberdagar då varene måtte fram til jul. Det var ikkje ledige sete då det vart invitert til jubileumsfest for tidlegare Tynes Møbelfabrikk heller. Dette var den første av dei store møbelfabrikkane som kom til i Sykkylven, i 1927. Fleire av dei som seinare starta eigne fabrikkar, starta møbel-karrieren sin på Tynes Møbelfabrikk. Mange ville minnest dei gode åra då Tynes laga solide lenestolar og sofaer til menneske med sans for kvalitet og klassiske linjer.

Praktiske kurs

Møbelproduksjonen har endra seg mykje dei siste tiåra. No er det robotar og maskinar som dominerer i produksjonslokala. Tidlegare var det meir handarbeid. Kunnskapen om trekking av møblar på gammelmanns måten, med lag på lag med stopping, er i ferd med å forsvinne. Venneforeininga har medlemer som kan teknikkane, og har skipa til kurs i møbeltapetsering i samarbeid med den vidaregåande skulen i Sykkylven. Slikt kurs kan det vere aktuelt å ta opp att seinare. Kanskje vert det også eit kurs i korgfletting, som utgjer sjølve grunnlaget for møbelentyret på Sunnmøre.

Forteljarkveld

Møta i venneforeininga skjer på kveldstid i museet



Møbelveteranar i Velledalen.



Jan Lade informerer om appelsinskallstolen Peel.

sine lokale. Desse treffa er verdfulle både sosialt og fagleg. Det er sjeldan ein held seg strikt til saklista, for når møbelveteranar kjem saman sit historiene laust. Det kan verke som dei hadde betre tid før, eller kanskje dei var meir oppfinnsame. For dei beste historiene, hendingane og fantprøttene ligg gjerne nokre tiår tilbake. Nokre av historiene gjer seg best i lukka rom, andre høver godt også i oftentlege samanhengar. Under slike møte dukkar det opp idear. Og det var slik ideen om ein forteljarkveld med møbelveteranar på Velledalen grengehús dukka opp. Arrangementet vart ein suksess, og historiene som vart fortalte vart tekne opp på video. Slik kan også framtidige historieinteresserte få innsyn i korleis livet var i møbelfabrikkane i 1950-åra og framover.

Økonomiske bidrag

Venneforeininga til Møbelmuseet bidreg ikkje berre med kompetanse, fagleg og sosialt påfyll. Også økonomisk har møbelvennene gjeve gode tilskott opp gjennom åra. Foreininga skaffar pengar gjennom medlemskontingenten, gjennom billettinntekter og loddsal. Venneforeininga er god å vende seg til for Møbelmuseet når ein treng midlar til kjøp av utstyr. Det var også venneforeininga som finansierte møbelkartet, der ein har plotta inn alle dei 120 møbelbedriftene som har vore i drift i Sykkylven. Då Kjetil Tandstad og underteikna skreiv bok om mø-

beleventyret på Sunnmøre for nokre år sidan, var det venneforeininga som gav midlar slik at boka kunne trykkast. Venneforeininga var også med å gje støtte, slik at møbeldesignaren Ingmar Relling kunne heidrast på skikkeleg vis under hundreårsjubileet i 2020.

Stiftinga Musea på Sunnmøre har den siste tida arbeidd med å meisle ut ein ny frivilligstrategi, og snart kjem det ein ny frivilligplan. Av den går det fram at museet verdset dei frivillige sin innsats, og den kompetansen dei sit på, høgt. Møbelvennene i Sykkylven er gode døme på at frivillige kan bidra mykje i arbeidet for å ta vare på og formidle den sunnmørske kulturarven.

Musea på Sunnmøre slutfører arbeidet med bygdebøkene for Haram

I vinter vart det signert avtale mellom Haram Bygdebok AS og Stiftinga Musea på Sunnmøre om skriving av allmennsogedelen i tre band i bygdebokserien for tidlegare Haram kommune. Det første av dei tre banda som no skal skrivast vil dekke Lepsøya og Haramsøya og dei to neste tek føre seg Brattvåg og Hildrestranda. Bandet for dei to øyane skal etter planen kome ut hausten 2022 og dei to siste banda året etter. Det er historikarane Ivar Gunnar Braaten og Eldar Høidal som skal gjere skrivearbeidet.

To delar

Bygdebøkene for Haram er delt inn i to delar; ein allmennsogedel og ein slektshistorisk del. Arbeidet med bygdebøkene vil skje i nært samarbeid med utgjevaren, Haram bygdebok, der Harald Nordang er styreleiar, og bygdeboknemnda for Haram sokn ved Jan Ove Stene. Det er også oppretta kontakt-

grupper for dei ulike bygdelaga som no skal få si historie mellom to permar.

Avtalesigneringskjempen skjedde i bedehuset frå Åkre på Haramsøya. Bedehuset vart i 2015 flytt til museumsrådet i Borgundgavlen, og står no fram i nyoppussa stand. Museumsdirektør Audhild Rotevatn, som signerte avtalen på vegne av museet, sa at dei var glade for å få dette oppdraget, og at Haram er eit område med ei rik historie både innan nærings- og kulturlivet. Oppgåva med skriving av bygdebok for Haram viser at museet vil vere til stades og engasjere seg også i dei delane av regionen som ikkje har eigne museumsinstitusjonar. –Vi vil orientere oss breitt og vere med å kartlegge alle delane av sunnmørssamfunnet i fortid og notid, sa Rotevatn, som såg fram til samarbeidet med oppdragsgjevarane i Haram Bygdebok. Styreleiar for Haram Bygdebok AS, Harald Nordang, signerte kontrakten på vegne av oppdragsgjevar.



Signering av kontrakt om skriving av Haram-soga. Bak frå venstre Olav Myklebust, Ivar Gunnar Braaten, Eldar Høidal, Jan Ove Stene og Bjørn Sandnes. Framme frå venstre Audhild G. Rotevatn og Harald Nordang. Foto: Ingvil E. Grimstad.

Morgondagens design i Sykkylven

Av Eldar Høidal, historikar ved Møbelmuseet

Kvar år vert elevane i sjette klasse i skulane i Sykkylven inviterte til designverkstad hos Musea i Sykkylven. Ved hjelp av restar frå møbelproduksjonen, piperensarar og ståltråd får elevane prøve seg som møbeldesignarar og møbelbyggjarar. Mange har gjort seg opp ei meining om korleis møbelet skal sjå ut før dei tek fatt på skaparprosessen. Nokre har sikkert fått idear etter den innleiande gjennomgangen som opplegget alltid startar med, ei vandring gjennom utstillinga i Møbelmuseet. I denne introduksjonen får elevane høyre om korleis nokre av dei mest kjende produkta i møBELsoga vart til. Som til dømes Stressless-stolen som vart laga etter at fjernsynet kom inn i stovene, og folk måtte ha ein stol som sette dei i stand til å tilbringe kvelden i ein avslappa posisjon. Eller Tripp Trapp-



Ane Havnegjerde gjev tips om formgjeving til lærevillig designar-spire.



Miniatyrmøbler laga av elevar frå Vik skule.

stolen som designaren Peter Opsvik kom fram til då han vart lei av å stable telefonkatalogar oppå kvarandre for å få borna sine opp i samtalehøgde ved kjøkkenbordet.

Elevane tek gjerne utgangspunkt i sin eigen situasjon når det tek til på formainga av møblane. Nokre vil ha ein god sofa og kroe seg i. Andre tenker seg ein gamingstol som dei kan sitje i når dei spelar framfor dataskjermen.

Kven veit, kanskje nokre av elevane som har vore med på designverkstad på museet ein gong vert å finne i designavdelinga i ein av møbelfabrikkane i Sykkylven. Møbelindustrien treng kreative hjerner. Framtidas møbler er enno ikkje funne opp.

Returadresse:
Musea på Sunnmøre,
Museumsvegen 1,
6015 Ålesund

